



Kommunal- og moderniseringsdepartementet  
Postboks 8112 Dep  
0032 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Kåre Træen, 5764 3004

## Fordeling av ekstra skjønnsmidlar til kommunane i Vestland etter gjennomførte smittevernstiltak

Vi viser til dykkar brev av 22. juni om fordeling av ekstra skjønnsmidlar i samband med smittevernstiltak etter covid-19 utbrotet.

Av dei fordelte midlane til fylkesmannsembeta, til saman 400 mill. kroner, er 44,5 mill. kroner fordelt til Fylkesmannen i Vestland. Midlane er fordelte til embeta etter kroner per innbyggjar, med differensierte satsar der det er teke omsyn til den kumulative smittesituasjonen i fylket per veke 23 etter Folkehelseinstituttet (FHI) si rapportering. Løyvinga er omtalt i Prop. 127 S (2019 – 2020), *at midlane skal gå til kommunar med særleg store utgifter til smittevern, til dømes innanfor omsorgstenesta, barnehage og skule*. I tillegg legg Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) opp til følgjande retningslinjer ved tildeling av skjønnsmidlane:

- det er berre kommunar som får tilskot
- for å få god oversikt over behova i kommunane, skal det vere mogleg å gje tilskot gjennom heile året
- fylkesmennene skal be kommunane om ei enkel rapportering om korleis midlane er brukte
- fylkesmennene leverer ei enkel rapportering til KMD på bruken av skjønnsmidlane innan 31.12.2020.

Med bakgrunn i dette har vi i brev av 25. juni til kommunane bede om ei enkel tilbakemelding på ekstra utgifter per 20. august knytte til smittevernstiltak i samband med koronautbrotet. I oppsettet for ekstra utgifter ønskte vi ei fordeling mellom tenesteområde, skilje mellom drift eller investering og ev. korte tilleggs kommentarar. Frist for tilbakemelding var 1. september. Det viser seg at det er vanskeleg for kommunane å skilje ut ekstra utgifter knytte til smittevernstiltak. Difor har mange av kommunane rapportert inn ein sum for ekstra utgifter knytte til koronautbrotet. Til saman har dei 43 kommunane i Vestland meldt tilbake om ekstra utgifter på 430 mill. kroner. For utgifter, er det denne summen som er lagt til grunn i fordeling av skjønnsmidlar til smittevernstiltak.

Ut i frå kommunanes samla ekstra utgifter har vi no valt å fordele heile summen på 44,5 mill. kroner. I fordelinga har vi brukt følgjande modell/kriteria, og i prosent av 44,5 mill. kroner:



- fordelt etter innbyggjartal – 20 prosent (kr 14 per innbyggjar)
- fordelt etter kvar kommune sin del av samla ekstra utgifter på 430 mill. kroner – 30 prosent
- fordelt etter FHI's smittetal per 1000 innb. per 2. oktober – 50 prosent
- samla skjønnsvurdering.

Samanlikna med fordelinga av midlar som er generelt knytte til utbrotet, har vi her lagt mest vekt på summen av smitteomfanget (TISK-strategien) og innrapporterte utgifter. Sidan vi har lagt inn ein del basert på innbyggjartal, får likevel alle kommunane noko midlar.

Fylkesmannen ber om at følgjande fordeling blir utbetalt til kommunane:

<b>Kommune</b>	<b>kroner</b>
K-4601 Bergen	10 820 000
K-4602 Kinn	750 000
K-4611 Etne	520 000
K-4612 Sveio	1 700 000
K-4613 Bømlo	530 000
K-4614 Stord	1 100 000
K-4615 Fitjar	1 000 000
K-4616 Tysnes	210 000
K-4617 Kvinnherad	580 000
K-4618 Ullensvang	460 000
K-4619 Eidfjord	50 000
K-4620 Ulvik	770 000
K-4621 Voss	1 480 000
K-4622 Kvam	920 000
K-4623 Samnanger	160 000
K-4624 Bjørnafjorden	1 340 000
K-4625 Austevoll	1 980 000
K-4626 Øygarden	2 460 000
K-4627 Askøy	1 840 000
K-4628 Vaksdal	630 000
K-4629 Modalen	30 000
K-4630 Osterøy	2 240 000
K-4631 Alver	1 770 000
K-4632 Austrheim	1 470 000
K-4633 Fedje	20 000
K-4634 Masfjorden	550 000
K-4635 Gulen	670 000
K-4636 Solund	1 490 000
K-4637 Hyllestad	980 000
K-4638 Høyanger	390 000
K-4639 Vik	260 000
K-4640 Sogndal	610 000
K-4641 Aurland	80 000



Kommune	kroner
K-4642 Lærdal	110 000
K-4643 Årdal	220 000
K-4644 Luster	540 000
K-4645 Askvoll	460 000
K-4646 Fjaler	70 000
K-4647 Sunnfjord	1 000 000
K-4648 Bremanger	280 000
K-4649 Stad	340 000
K-4650 Gloppen	590 000
K-4651 Stryn	1 030 000
<b>SUM</b>	<b>44 500 000</b>

Vi viser ellers til brev i dag om fordeling av skjønnsmidlar på 23,718 mill. kroner til koronautbrotet.

Med helsing

Lars Sponheim

Nils Erling Yndesdal  
kommunaldirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til: Kommunane i Vestland